

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

nve@nve.no

Dagfinn Grimsbø  
Torbjørg Grimsbø Eskeland  
Grimsbø 6847 Vassenden

Grimsbø, 15.09.14

*Gards- og bruksnummer 51/2 Jølster Kommune*

## Innspel til konsesjonssøknadar om utbygging av elva Jølstra

Sak nummer: 200904486 og 201202273

Me eig og driv landbrukseigedom gbr.nr 51/2 Grimsbø. Vår grunn og fallrett er involvert i utbyggingsplanane, og i samband med dette ynskjer me å kome med innspel til konsesjonssøknadane frå Nordcraft AS og Sunnfjord Energi.

### **Bruk av tunellmasse til opparbeiding av landbruksjord**

I samband med utbygginga vert det drive ut tunellmasse. Store delar av denne massen vert driven ut via utslagstunell på vår eigedom. I samarbeid med Norcraft (Fjellkraft) har ein blitt samd om å nytte deler av denne massen til opparbeiding av landbruksjord på vår eigedom, og stilt større område til disposisjon for deponi.

Deler av området som er stilt til disposisjon er omstridd. Jølster og Førde Kommune har vedteke omregulering av dette til industri, med hovudføremål tilrettelegging for støyande og arealkrevjande verksemder. Eigarforholdet til grunn er under forhandlingar nå i haust. Kommunane har hastverk i saka og ynskjer å få gjort ferdig grunnverv i løpet av hausten 2014. Årsaka til hastverket er noko uklårt, men me som grunneigerar ynskjer å kunne halde fram som eigerar av omdisponert areal. Det er gjeve signal til kommunane om at ein stiller seg sjølvstøtt positiv til å legge til rette for bruk og tiltak som er eit ledd i opparbeidinga av industriarealet, og at ein følg den vedtekne utbyggingsrekkefølga. Vi eig mesteparten av område K3 i det omtalte industriområdet. K3 inngår i deponeringsarealet som Norkraft har beskrive i konsesjonssøknaden.

Området der utdrivinga av tunellmassane skal føregå er på vår grunn og dermed i nær tilknytning til areal som kan nyttast til opparbeiding av nytt landbruksareal. Det vert enkelt å gjere grep for å tilrettelegge transportveggar for maskiner ut til dei ulike områda.

**Me ynskjer å prioritere opparbeiding av landbruksjord, avdi dette er ei langsiktig og bærekraftig utnytting av desse ressursane. Det er også av stor samfunnsøkonomisk verdi for neste generasjon. Befolkninga veks og matjord er byrja å verte ei knappheit.**

Utviding av eksisterande landbruksareal på garden vil styrkje lønsemda i produksjonen og gje grunnlag for vidare rasjonell drift. Det er lite tilgjengeleg dyrkingsjord att på garden, difor er bruk av tunellmassar på ledig areal særst spanande og interessant.

Forsøksringen, som er vårt faglege rådgjevingapparat innan fôr dyrking, gjev tilbakemelding om kun positive erfaringar med bruk av tunellmasse til opparbeiding av landbruksjord. M.a syner ein til erfaringar i Askvoll Kommune i samband med utbygginga av Dalsfjordsambandet.

Det er viktig med nok toppdekke av jord over massane. Ein reknar med god tilgong på stadeigne massar sidan store delar av det planlagde industriområdet ligg i samband med aktuelle areal ein opparbeidar nytt landbruksareal på. I tillegg kjem avgrove toppdekke på areal der tunellmassane er tenkt lagt. Me har stor tru på at dette kan gjennomførast og at resultatet vert frodig og solrik innmark med gode moglegheiter for beite og slått.


Frå Jølstrholmen og ned til Stakaldefossen (Grimsbø) har dei i løpet av ein 10-årsperiode gått frå 12 og ned til 5 hentepunkt for mjølk.

På garden vår driv me med mjølkeproduksjon, og i framtida treng me meir dyrka areal og beite i drifta. Driftsbygningen må i tillegg fornyast for å tilfredstille framtidige krav til dyrevelferd og produksjonsstorleik.

Skal drifta og arbeidsplassane på gardane oppretthaldast framover, må ein få den drahjelpa ein kan få. Velvilje og tilrettelegging for meir landbruksareal bør vere naturleg i tilfeller der slike grep kan gjerast. Det vil heilt klart ha ein varig positiv konsekvens for lokalsamfunnet og Jølster Kommune. Dette vil sjølvstøtt også gje ein positiv effekt for landbruksnæringa i kommunen.

#### **Landbruksareal går ut av drift, vert omdisponert og bygd ned til anna føremål.**

Fylkesmannen si landbruksavdeling i Sogn & Fjordane har laga denne grafiske framstillinga av utviklinga av jordbruksareal i drift. Den syner ein større nedgang i drifta areal i vårt fylke i høve resten av landet.



I Jølster kommune er det nyleg vedteke omdisponering av om lag 50 mål dyrka mark til industri i Stakaldefossen. Nedgongen i areal i drift var på 40 mål frå 2012-2013 i Jølster. Jamfør tabell nedanfor.

PT-910 JORDBRUKSAREAL I DRIFT OG ANTALL SØKERE PR. 31.7.					
	2013		2012		Nedgong frå 2012 til 2013
	AREAL	ANTALL SØKERE	AREAL	ANTALL SØKERE	
<a href="#">LANDET</a>	9.839.699	42.923	9.893.628	43.954	
SOGN OG FJORDANE	429.111	3.063	430.449	3.117	
JØLSTER	25.446	167	25.486	171	40 dekar

I framtida veit me at det kjem til å gå med mykje landbruksareal i samband med oppgradering av E39. I tillegg er det lagt inn mykje omdisponering av dyrka mark i forslaget til arealdelen i den nye kommuneplanen. Ein må altså rekne med ei stor nedbygging av matjord framover. Difor vil bruk av tunellmasse til opparbeiding av landbruksjord vere av stor verdi, og eigentleg heilt naturleg å bidra positivt til i kommunen.


Syner også til dette utdraget frå nyleg vedteken samfunnsdel i Jølster Kommune sin kommuneplan for 2013-2025:

*« Kommunen må støtte opp om dei som driv stort og vil utvide, og samstundes må kommunen ta tak i den raske nedgangen i sysselsette i jordbruket. Dette er viktig både for å oppretthalde talet på arbeidsplassari kommunen, og for å ta vare på kultur- og naturressursane som landbruket skapar og held ved like.»*

Me ber difor NVE og konsesjonsøkjjar om å vektleggje bruk av tunellmassen til landbruksføremål.

## Ulemper for n romr det og eigedomar r ka av utbygginga i anleggsperioden

St y og rystelsar er skildra som eit problem for busetnaden i n rleiken av p hogget til kraftstasjonen i / ved Moskog. Busetnaden i Stakaldefossen er rekna inn i den biten i konsesjonss knadane. Me vil gjere dykk merksame p  at denne st yen h gst sannsynleg vil ramme v rt gardstun ogs . V re erfaringar med Statnett si bygging av trafostasjon til den nye 420KWh-linja tilseier dette. Lyden fr  dette området f l terrenget og vindretningen rett inn p  v rt tun. Me kunne faktisk h yre ryggealarmen p  maskinene der nede, fr  utetrappa v r.



Statnett sitt arbeid f regjekk over fleire  r og i tillegg er me plaga av st y fr  eksisterande massetak p  nordsida av dalf ret. I sum vert dette mykje belastning for enkelthusandar i n romr det over lang tid. N ringsaktivitet og utbyggingar representerar i utgangspunktet positiv verdiskaping, men har sine skuggesider.

Sprengingar inne i fjellet og utanfor vil truleg merkast godt. Statnett sitt sprengingsarbeid var ikkje inne i fjellet, dei p gjekk over ein lang tidsbolke og var s rs ubehagelege. Statnett innf rte ei SMS-varsling ved sprenging, slik at me som naboar var f rebudde. Dette fungerte toleg greitt og var eit naudsynt tiltak for   unng  m.a farlege situasjonar ved handtering av dyr, og at ein fekk  tvara bes kande og born som kunne verte skremde av sprengsalvane.

Milj - og transportplan for arbeidet m  vere grundig og entrepren r, som skal utf re arbeidet, b r f lgjast godt opp av utbyggjar. Det vil vere drift, i anleggsfasen, i store deler av d gnet. Statnett praktiserte arbeid fr  kl.0600 -2300. Kan nemne at den st rste salva p  trafotomta vart fyrst av ein laurdagskveld kl.2300.

Arbeidet med anlegget vil ogs  medf re ein auke i trafikk av folk, personbilar og anleggsmaskiner.

Ein anleggsperiode p  om lag 2,5  r er lang og det b r vere eit m l ha ein god og konstruktiv dialog oppimot grunneigarar og ber rte i denne tida.

***Bruk av tunellmasse til styrking av gardsdrifta v r, og n r og god oppf lgjing under anleggsperioden vil verke som avb tande tiltak.***

Det vil ogs  vere ynskjeleg at utbyggjar dokumenterar tilstand p  grunnmurar p  dei n rliggande eigedomane, f r arbeidet med tunellar og sprengingar tek til.

## Kultursti i Stakaldefossen

I Sunnfjord Energi sin konsesjonssøknad inngår det ein fagrapport om kulturminner og kulturmiljø. På side 29 i denne rapporten er « Planer om kultursti i Stakaldefossen» omtala.

Vidare i omtalen kan ein lese fylgjande:

«Fylkeskommunens kulturvernavdeling, lokale privatpersoner og Sunnfjord Energi AS har vært på befarings- og hatt dialog om en eventuell utvikling av Stakaldefossen som "Kultursenter". I Stakaldefossen har vannkraften vært utnyttet i mange generasjoner og med ulike teknologier. Det dreier seg både om kvernhus, oppgangssag (ca 1700-tallet, bare ruiner igjen), sirkelsag (i drift, men fra 1950 med elektrisk motor) og kraftstasjon (satt i drift i 1950).»

Kvernhuset, som er omtalt i samband med dette, tilhører vårt gardsbruk. Det same gjeld ruinane av gamal oppgangssag og store deler av grunnen desse kultursti-planane omfattar.

*Me var ikkje orientert om Sunnfjord Energi sine planar for bygningar og bruk av grunnen vår, og registrerar i konsesjonssøknaden at det er føreteke ei synfaring på våre bygningar og vår eigedom utan varslings- og nærare informasjon om planane.*

Det er vanskeleg å kome med anna innspel på delen som omhandlar Kultursti, enn at det manglar nærare informasjon om tiltaket til å ta ei vurdering per dags dato.

**Grunneigerane har skrive kontrakt om utbygging av elva med Norkraft. Me støttar opp om denne avtalen og ynskjer utbyggingsløyninga som Norkraft har søkt om. Norkraft har fare fint fram i samarbeidsprosessen, og me vel å vektleggje det.**

*Torbjørgr Grimsbø Eskeland  
Dagfinn Grimsbø*